
Frå: Bjarte Hovland
Send: 20. oktober 2020 11:27
Til: Sykkylven Handelsforening (lill@skaparglede.no)
Kopi: Steven Malvin Blindheim; Svein Aure; Emte Aure; Anne Marie Andreassen; redaksjonen@sykkylvsbladet.no
Emne: Svar om Installasjonane i Kyrkjevegen

Viser til dykkar brev av 07.10.20 der de spør om kvifor installasjonen som står i gågata/Kyrkjevegen skal stå der om vinteren.

Forslag om å lage til gågate i del av Kyrkjevegen fekk ei svært positiv mottaking, og tiltaket fekk tilslutnad til dømes både i kommunestyret, formannskapet og nærings- og utviklingsutvalet (NU). Svært mange tykte at dette gav/kunne gi grunnlag for trivsel og meir aktivitet i sentrum. Då NU i møte 07.09.20, sak 48/20, vurderte om installasjonen skulle fjernast for sesongen, vart det oppsummert med at dersom prøveperioden med gågata skulle vere fullgod, måtte også prøveperioden ha ei viss lengde. Berre på den måten kunne ein få erfaring med korleis bruken kunne verte gjennom fleire årstider. Ein såg føre seg arrangement både om hausten, i førjulstida, og elles når folk med tiltakslyst og gode idear kom "på bana".

Kort og godt : NU ynskte å legge til rette for nye tiltak og nye idear om korleis folk kunne trivast i sentrum. Ein måtte våge å prøve. Og mange var positive.

No når der kom meir motbør, både frå huseigarar, politiet og handelsforeninga, ser NU at det positive bidraget som dei ynskte å bidra til, ikkje lenger har ynskt tilslutnad.

NU vurderte derfor i møte 19.10.29, som sak 54/20, saka på nytt, og gjorde slikt samrøystes vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet vedtek å fjerne installasjonane etter oppfordring frå Sykkylven Handelsforening, huseigarar, butikkeigarar og politiet. Sykkylven kommune held dialogen med handelsforeninga om ynskjeleg plassering av installasjonane våren 2021.

Installasjonane vil verte flytta frå Kyrkjevegen så snart som råd, og tanken er ei mellombels plassering ved kaitrappa. Ein voner at ein i framtida, i felleskap, kan samlast om gode alternativ, slik vedtaket i NU inviterer til.

Med venleg helsing

Bjarte Hovland
Teknisk sjef / Einingsleiar
Tekniske tenester

Mobil: 975 48 720
bjarte.hovland@sykkylven.kommune.no

Tlf sentralbord: [70 24 65 00](tel:70246500)
postmottak@sykkylven.kommune.no



www.sykkylven.kommune.no

Org.nr.: NO 964980365 MVA - Bgiro: 4212.23.24839

Post/besøk: Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven

Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.